

Ola Stemshaug

20/1 1936–27/8 2013



Med Ola Stemshaug er ein av dei fremste representantane for norsk og nordisk namneforskning gått bort. Det faglege interessefeltet hans femnde vidt, noko som ein omfattande vitskapleg og populærvitskapleg produksjon er eit klart uttrykk for. Hovudområdet for forskinga hans var ulike typar namn og nemningar, særleg stadnamn.

Ola Stemshaug var fødd og oppvaksen på Stemshaug i noverande Aure kommune på Nordmøre (Stemshaug er kyrkjesokn og var eige herad til 1965). Han gjekk på landsgymnaset i Orkdal (på Follo, Sør-Trøndelag), der han møtte Marit, som han seinare vart gift med. Han vart cand.philol. i 1965 ved Universitetet i Oslo med geografi grunnfag, historie mellomfag og nordisk hovudfag i fagkrinsen. Tittelen på hovudfagsoppgåva hans var *Stadnamn frå Stems- haug* (1965). Han vart 1.1.1966 tilsett som forskingsstipendiat ved Noregs lærarhøgskole i Trondheim, som rekrutteringsstipendiat frå 1967. I 1970 vart han tilsett som amanuensis i norsk språk ved Noregs lærarhøgskole, som først-teamanuensis frå 1974. Tidleg i 1980-åra hadde han eit kort tilsettingsforhold

Fotot av Ola Stemshaug återges här med tillstånd från tidningen Adresseavisen, Trondheim, där det tidigare publicerats.

ved Universitetet i Oslo. Stemshaug var frå 1.1.1993 til 31.12.1995 instituttstyttrar ved Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim (den allmennvitskapelege høgskolen). Han gjekk av frå stillinga si ved Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet (NTNU) ved fylte 70 år, sommaren 2006. Stemshaug var namnekonulent for Midt-Noreg (frå Nordmøre til Bindalen) frå denne statlege tenesta vart oppretta og sett i verk i 1991 til sin siste dag.

Ola Stemshaug har sett djupe spor etter seg i den namnefaglege litteraturen i Noreg og Norden, særleg innom stadnamnforskning, der han har skrive fleire bøker og ei mengd artiklar i fagtidsskrift, konferanserapportar, lokalhistoriske årbøker o.a. Ei av dei mest omtykte bøkene hans kom i 1973 med tittelen *Namn i Noreg* og med undertittelen *Ei innføring i norsk stadnamngranskning*. Boka har kome i fleire utgåver, med andreutgåve i 1976 og tredjeutgåve i 1985. Dette har vore ei mykje nytta pensumbok innom fagdisiplinen stadnamn ved norske universitet og høgskular. Ho kom ut i ei tid, 1970-åra, då det var stor interesse for disiplinen namnegranskning, særleg stadnamngranskning, ved høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg. Mange hovudfagsstudentar i nordiskfaget valde å skriva hovudfagsoppgåve om stadnamn, fleire av dei om stadnamn frå heimbygda si. Med denne boka, som kan kallast eit pionerarbeid, fylte Stemshaug eit tomrom i den namnefaglege pensumlitteraturen. Det fanst nemleg ingen andre høvelege lærebøker for denne studentgruppa. Boka tek opp viktige emne og problemstillingar som studentar i namnegranskning vil møta i studiet. Her finn ein bl.a. definisjonar og avgrensingar, forskingshistorikk, metodisk innføring og rettleiing, dessutan utgreiing om grammatiske tilhøve og ulike namnetypar (naturnamn, bustadnamn, områdenamn, bynamn og gatenamn), og i tillegg om finske og samiske stadnamn i Noreg. Boka presenterer også norsk normeringshistorikk og tek med regelverk som gjeld skrivemåten av norske stadnamn.

Eit anna hovudverk i den stadnamnfaglege produksjonen til Ola Stemshaug er *Norsk stadnamnleksikon*, som han saman med sin fagkollega i Trondheim, historikaren og namneforskaren Jørn Sandnes, gav ut i 1973, altså same året som *Namn i Noreg* kom ut. På grunn av etterspurnaden har også denne boka kome i fleire utgåver, med andreutgåve i 1980, tredjeutgåve i 1989 og ei grundig revidert og meir omfattande fjerdeutgåve i 1997. Kolbjørn Aune var redaksjonssekretær for førsteutgåva og Berit Sandnes for fjerdeutgåva. Også stadnamnleksikonet er eit pionerarbeid. Det er resultat av eit langvarig og tett samarbeid mellom dei to redaktørane, Sandnes og Stemshaug, og redaksjonssekretærane deira. I dette arbeidet har utgjevarane trekt inn medarbeidarar frå ulike forskingsmiljø i landet, bl.a. for samisk- og finskspråkleg namnetilfang, som presenterer signerte namneartiklar. I utvalet av namn har redaktørane lagt vekt på «brukarinteressene: kva namn lesarane vil slå opp etter». Dei har valt å ta med «dei mest brukte namna og dei som ikkje er klart skjønnelege». I

tillegg til leksikondelen, som i fjerdeutgåva utgjer 471 sider, inneheld denne boka korte samanfattande artiklar om bl.a. ulike namnetypar. Stemshaug har t.d. skrive om elvenamn, innsjønamn og område- og bygdenamn. Her er også ei fyldig litteraturliste. I føreordet til førsteutgåva legg redaktørane vekt på at Norsk stadnamnleksikon skal vera eit populærvitskapleg verk, med «sikte på å gje forklaring for interesserte utan særskilt fagleg skoloring, men forklaringar som er vitskapleg funderte». Den store interessa for leksikonet har vist at dei har lukkast i å nå dette målet. Å gjera forskingsresultat og faglege metodar og vurderingar tilgjengelege for den interesserte ålmenta kan seiast å ha vore ein raud tråd i Stemshaugs namnefaglege arbeid og faglitterære produksjon.

I tillegg til innføringsboka i stadnamngransking og stadnamnleksikonet gav Stemshaug i 1973 ut boka *Norsk stadnamngransking*, som inneheld elleve sentrale tekster innom dette fagfeltet. Også denne utgjevinga er eit viktig bidrag for å gjera namnefaglege forskingsresultat tilgjengelege for studentar, forskarkolleagaer og den opplyste ålmenta. At Stemshaugs interesse for språkleg tradisjonstilfang ikkje berre omfatta namn, kom klart til uttrykk tre år seinare, i 1976, då han gav ut boka *Språkleg tradisjon. Ei handbok for innsamling av språkleg tradisjonsstoff*. Her gjev han råd om framgangsmåtar ved registrering av ulike typar tradisjonsmateriale, bl.a. folkloristisk og etnologisk tilfang i tillegg til det reint språklege.

Eit anna stort namnefagleg prosjekt, som også kan kallast eit pionerarbeid, kom i gang i Trondheim kring midten av 1970-åra, med Ola Stemshaug i leiarposisjon, nemleg arbeidet med *Norsk personnamnleksikon*. Eit delprodukt av dette arbeidet var boka *Norske personnamnstudiar* frå 1981, som han redigerte. I tillegg til hans eigen artikkel innom feltet litterær onomastikk, om namnebruken i Johan Falkbergets diktning, finn ein her seks artiklar skrivne av hovudfagsstudentar i Trondheim. Året etter kom Norsk personnamnleksikon (239 s.), redigert av Ola Stemshaug og med Kristoffer Kruken som redaksjonssekretær. I førsteutgåva av personnamnleksikonet er det teke med nokre nyttige artiklar om namngjeving og namnebruk. Stemshaug skriv bl.a. om namngjevingsmåtar og om førreformatoriske namn, og han gjev dessutan råd ved namngjevinga. Seinare har det kome ei sterkt utvida andreutgåve (1995) og tredjeutgåve (2013, 668 s.) av Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug: *Norsk personnamnleksikon*, båe ved Kristoffer Kruken.

I 1970-åra og første delen av 1980-åra var namneforskmiljøet i Trondheim, der Ola Stemshaug hadde ei sentral leiarrolle, svært produktivt og dette miljøet stod for ei rekkje større utgjevingar om norske person- og stadnamn. Også i tiåra som følgde, skulle det koma ut bøker frå Stemshaug si hand som tek opp namnespørsmål. I 1991 kom den vesle boka *Stridane om bynamna Fosna – Kristiansund*, som omhandlar eit emne i nyare norsk språkhistorie, nemleg striden om endring av bynamn og arbeidet for å få inn det gamle nam-

net *Fosna* for Kristiansund. I denne byen var det strid om bynamnet frå slutten av 1800-talet til midt i mellomkrigsåra. Forfattaren legg særleg vekt på argumentasjonsanalysen og dei politiske følgjene av stridane, og han set dei inn i ein språkhistorisk samanheng.

Dei faglege interessene til Stemshaug var vidtfemnande. Eitt emne som han granska og skreiv artiklar om, var innbyggjarnemningar (inkolentnamn). Blant arbeida hans som omhandlar slike nemningar, er artikkelen *Termar for nemning av innbyggjar* (i NORNA-rapporten Personnamnsterminologi, 1983). I 2002 kom den vesle boka *Norske innbyggjarnemningar i overført tyding*, der han viser at mange inkolentnamn kan ha ei tilleggstyding, t.d. *setesdøl* brukt om ein landkrabbe og *rørosing* om ein koparmynt. Han gjev mange døme på slike nemningar i overført tyding og prøver å gje forklaring på bruksmåtar i ulike landsdelar.

Eit viktig fagleg arbeid er *Trøndersk språkhistorie*, som Stemshaug gav ut i 2008 saman med fire forskarkolleagaer, tre av dei frå NTNU-miljøet. I to kapittel (til saman vel 100 sider) skriv Stemshaug om namn frå trøndelagsregionen – som språkleg også omfattar Nordmøre – i språkhistorisk samanheng, både om stadnamn, personnamn og andre typar namn (namn på husdyr, skip, våpen, institusjonar m.m.). Han tek opp endringar i namnebruk og namnelagingsmåtar, skifte i namnemotar og tap av namn. Størst plass har, naturleg nok, stadnamna, men forfattaren får også fram at det er sett forvitnelege namn på dei mest utrulege ting, som kyrkjeklokker, bøker, merkestenger og musikkinstrument; han konkluderer med at forfedrane våre har vore eit kreativt og namneglad folkeferd.

Stemshaug har gjeve ut ei rekkje vitenskaplege artiklar og kapittel i fagtidsskrift, fagbøker og rapportar. I tillegg kjem populærvitenskaplege bidrag i lokalhistoriske årbøker og tidsskrift for ålmenta, dessutan kronikkar o.l. i aviser. Dei fleste fagartiklane har stadnamn og stadnamntolkingar som emne, fleire av dei øynamn, fjordnamn og andre typar skjergardsnamn. I *Grunnordet skjel i norske øynamn* (i Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking. Heidersskrift til Olav T. Beito, 1971) tek han føre seg bruken av ordet *skjel*, med tydinga ‘den som skil eller stengjer’. I artikkelen *Torga* (i Nordiska orter och ord. Festskrift till Bengt Pamp på 65-årsdagen den 3 november 1993), der han drøftar øynamnet *Torget* og det historiske gardsnamnet *Torgar* frå Helgelandskysten, går han mot ei tolking til *torg* n. ‘handelsplass’ og føreslår i staden ei utviding av rota **der-* ‘kløyva, riva sund’. Også i *Vegens namn – kva er det?* (i Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift til Lars Hellberg, 1997) drøftar Stemshaug øynamn og andre stadnamn langs sjøleia og gamle ferdselsveggar. Han tek også opp Magnus Olsens tredeling av namnetilfanget etter brukarkrins, men konkluderer på grunnlag av namnedøme med at omgrepet ‘vegens namn’ helst er ein fik-

sjon, og at etter måten få namn er laga av ferdafolk. Stemshaug diskuterer *Lost appellatives in island names in central and northern Norway* i ein rapport frå eit symposium i Uppsala i 2010 (i Probleme der Rekonstruktion untergangener Wörter aus alten Eigennamen, 2010). I *Leangen og Lensvika* (i MM 2006) avviser Stemshaug ei tolking av føreleddet i *Leang*-namna som gno. *leið* f., og han argumenterer grundig for at slike namn er utvikla av eit eldre gno. **Leirangr*. I artikkelen *Havbrua* (i Årbok for Fosen 2011) grunngjev han at sisteleddet i dette namnet er *brun* f. ‘kant, brink, skrent’, med bakgrunn i kontinentalsokkelen, og han skriv elles om *Méd, médnamn og skullbøker frå Trøndelagskysten* (i Årbok for Trøndelag 1975).

Også hydronym er emne for fleire artiklar, t.d. *Elvenamnet Gaula og gul adj.* (i Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes 27. desember 1998). I *Gno. *Ver og *Værir – eit avlydspar i norsk hydronymi* (i NoB 83, 1995) argumenterer Stemshaug for at det er eit avlydstilhøve mellom dei to namna, gno. **Ver* brukt om Verdalselva og **Værir* om innsjøen Veren, som er utspring for elva. Namna skal høyra til ie. **wes-* ‘opphalda (seg); dvela, forbli’. I artikkelen *Stadnamn* (i Ringebu historielag og Imset historielag, 2009) drøftar han namna *Frona* og *Parris*, nytta om hølar i Orkla. Det førstnemnde blir sett saman med gno. *froða* f. ‘frode, skum’, medan *Parris* er rekna som utvikla av *Paradis*, nytta i staden for *Helvetet*, med bakgrunn i eit djupt gjel på denne staden.

I ein artikkel om to gamle trøndske områdenamn, *Trondheim og Trøndelag* (i ANF 94, 1982), argumenterer Stemshaug mot at føreleddet skal tolkast som eit lokalitetsappellativ, og for samansetjing med ei nemning for ein folkestamme, opphavleg ein presens partisipp-konstruksjon. Av bidrag til diskusjonen om gamle gardsnamntypar kan nemnast *Staðir-namn i Romsdalen* (i Romsdal sogelag. Årsskrift 2001), der tolkingane i NG blir vurderte og dels avviste eller modifiserte. I NG har ein rekna med personnamnføreledd i om lag 90 % av *staðir*-namna frå Romsdal, medan Stemshaug peikar på at knapt 40 % av dei har slike føreledd. I *Gardsnamnet Veбенstad – ei opphavleg samansetning med -bólstaðr* (i MM 1989) legg han fram grunnar for at *Veбенstad* ikkje er eit *staðir*-samn som er samansett med eit personnamn, slik NG 13 føreslår, men ei samansetjing med gno. *bólstaðr*, gno. **Vébólstaðr*. I *Nordheim og Nautan* (i MM 2011) drøftar han det språklege opphavet til namnet *Nautan/Nauten* og omtalar skiftet av dette gardsnamnet til *Nordheim* av di eigarane opplevde namnet som belastande. I *Lø – gard, lagerplass og hamn. Med jamførande materiale om andre namn på stabel- og lastestader i Noreg* (i NoB 98, 2010) drøftar han gardsnamnet *Lø* ved Trondheimsfjorden, som han set saman med andre namn som har bakgrunn i lagrings- og lastestader.

I 1987 utarbeidde Stemshaug sakkunnigutgreiinga *Vitnemål om sørsamisk tilhald og gjeremål i norskspråklege stadnamn* for Samerettsutvalet (Justisde-

partementet). I fleire artiklar diskuterer han namneleddet *finn*, bl.a. i *Gardsnamnet Finnset – vitnemål om samisk busetnad?* (i MM 1983), *Finnanger og Finnforsen, Finnen, Vidfinn og Tatafinn* (i MM 1997) og *Finningan – og skolebarnoppskrifter frå 1930-åra* (i Årbok for Fosen 2006). I fleire av desse namna, bl.a. i *Finnanger*, har føreleddet av forskarar vorte tolka som etnonymet *finn* m. ‘same’. Stemshaug nemner andre moglege tolkingar av nemnet *finn* i stadnamn, bl.a. lokalitetsappellativet *finn(e)* m. ‘kant, spiss, topp’, lokalitetsappellativet *finn* m. ‘stad der det veks finn (nardus stricta)’ og plantenemninga *finn* m. ‘nardus stricta’. Han meiner at det er rimeleg å tolka namneleddet *finn* i *Finnanger* og fleire andre namn som *finn* m. ‘kvass kant, spiss topp’, noko han grunngjev med kjeldetilhøve, komposisjonsmåte og lokalitetsform. I artikkelen *Ulv m. og varg m. i målføre og stadnamn nordafjells* (i Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010) drøftar Stemshaug bruken av dei to dyrenemna i ulike målføre og stadnamn.

Blant fleire arbeid om personnamn kan nemnast *Nokre metodiske synspunkt på kjeldebruk ved personnamngransking. Belyst ved eit døme: Namnet Kervel på Agder* (i MM 1982). Bakgrunnen for artikkelen *Fornamnet Vinjar – opphav og bruk* (i NN 12, 1995) var at Justisdepartementet sidan 1953 hadde forbode dette namnet som førenamn med grunngjeving i at det var nytta som slektsnamn. Stemshaug kjem fram til at førenamnet *Vinjar* går attende på ei dialektform av *Vincent*, med andre ord eit heilt anna opphav enn det likelydande slektsnamnet. Han tek også opp spørsmålet om kva namnefagleg grunnlag Justisdepartementet har for ikkje å godkjenna førenamn. Ein annan artikkel om personnamn er *Mari og Maja i Noreg* (i SAS 28, 2010). I artikkelen *Bruken av kvinnepatronym nordafjells i Noreg* (i SAS 12, 1994) drøftar han patronym, ein namnekategori som til då hadde vore lite undersøkt i Noreg. Persontilnamn er emne for publikasjonen *Tilnamn i norske gruvesamfunn – Kongsberg og Røros* (Det kongelige norske videnskabers selskab. Skrifter 1984:1).

I fleire arbeid tek Stemshaug opp emne innom litterær onomastikk. I tillegg til den nemnde artikkelen om namnebruken i Johan Falkbergets diktning (1981) skriv han i SNF 63 (1982) om metodiske problem som gjeld namnebruk i skjønnlitteratur, både person- og stadnamn. Nokre artiklar omhandlar dessutan namnebruken i islendingesoger, bl.a. heimfestinga av slike namn, t.d. *Dei norske stadnamna i Gíslasaga* (i ANF 100, 1985) og *Stadnamna Stokkar og Hella i Gíslasaga* (i Heimen 1992). I *Landnáma som personnamnkjelde*, som kom ut som den første artikkelen i fagtidsskriftet SAS (1, 1983), vurderer han kjeldeverdien til *Landnáma* når det gjeld personnamnbruk. Han konkluderer med at boka ikkje er ei fullt ut påliteleg kjelde om namnebruken i Noreg og på Island i landnámstida, men at ho er til å stola

på når det gjeld typar av namn som var brukte i denne perioden og i den nærast etterfølgjande tida, dessutan at ho fortel meir om islandske enn om norske tilhøve innom personnamnbruk.

Husdyrnamn er ikkje mykje omtala i norsk namnegransking, men også innanfor dette feltet har Stemshaug gjeve bidrag. I artikkelen *Vår eldste husdyrnamnoppskrift* (i NN 5, 1988), der han presenterer lister over ku- og geite- namn som truleg går attende til 1850-åra, konkluderer han med at namna ty- pologisk svarar til husdyrnamn frå nyare tid. I Syn og Segn 1982 finn ein artikkelen *Frå Førnesbrunnen til Sheik Protector. Litt om namn på husdyra våre før og no*. Interesse hans for såkalla «andre namn» kjem også til uttrykk i artikkelen *Bilnamn nordafjells* (i NN 25, 2008), der han omtalar folkelege namn på individuelle bilar; nokre av dei har t.d. fått namn etter eigar eller brukar, eller etter farge eller lyte.

Stadnamna som kulturhistoriske kjelder er emne for artikkelen *Place-names as evidence of bloomery ironmaking in Norway* (1991), trykt i ein rapport frå eit seminar i Budalen om eldre jernutvinning. I artikkelen *På leit etter beveren i Fosen* (i Årbok for Fosen 2012) skriv han om stadnamn i Fosen som inneheld eit nemne for ‘bever’. I artikkelen *Place-names and dialectology* (i Onoma 37, 2002) viser Stemshaug kor viktig innsyn i dialektologi har vore for nordiske namnegranskarar, og korleis namnefaglege drøftingar dessutan kan vera til nytte innom språkhistorie, dialektologi og kulturhistorie. I *Name studies in Norway* (i Namenforschung. Ein internationales Handbuch zur Onomastik 1, 1995) gjev Stemshaug eit oversyn over den norske faghistoria, forskingsmetodane, namnearkiva, namnepublikasjonane og namnelov- gjevinga. I åtte årgangar av NoB i 1980-åra (69–77) omtala han norske forskingsbidrag i bolken *Nordisk namnforskning*. Han var medredaktør av NORNA-rapportane *Personnamn i stadnamn* (nr. 33, 1986) og *Oluf Rygh* (nr. 70, 2000) og medarrangør av vedkomande symposium.

I artikkelen *Ola Stemshaug som namnerøktar* (i Ola-boka. Venneskrift til Ola Stemshaug etter eit år som 70-åring 20. januar 2007), der Botolv Helle- land omtalar Stemshaugs store interesse og engasjement som namnekonsulent og namnerøktar, er det nemnt 15 publiserte arbeid som omhandlar namnenor- mering og namnerøkt. Ola Stemshaug og Jørn Sandnes kom inn i arbeidet med namneformer på kart i Sør-Trøndelag kring 1967–1968. Då namnelova vart sett i verk i 1991, var dei to sjølvskrivne som namnekonsulentar for Midt- Noreg. I fleire artiklar, også i aviskronikkar, bl.a. i Adresseavisen, argumen- terer Stemshaug sterkt for ei fagleg basert fastsetjing av den offisielle skr- ivemåten av norske stadnamn der ein byggjer på nedervd lokal uttaleform og gjeldande rettskrivingsprinsipp. Han gjev fleire døme på uheldig praksis på dette feltet. I pressa har han fleire gonger kommentert arbeidet med lovverk både når det gjeld stadnamn og personnamn. Også ny namngjeving er eit om-

råde der han gav klart uttrykk for sine fagleg grunngevrne synspunkt, bl.a. når det gjeld namn på vegar, bustadfelt, tomter, institusjonar og oljefelt.

I kronikkar og avisintervju med Stemshaug finn ein ofte slåande titlar og ingressar – gjerne med snert av humor og ironi – som uttrykkjer klart kor han stod i dei aktuelle sakene: *Ja til Gyldenblå og Månestråle* (kronikk i Adresseavisen 26.3.2001 i høve Lov om personnamn), *Den nye navneloven: - Det har sklidd ut. Bånnski, Halleluja, Tog, Filibombombom, Batman og Gudergod. Dette er godkjente navn* (intervju i Adresseavisen 30.1.2008), *Sverdrup og Smørbukk på feil sokkel* (artikkel i Syn og segn 2012 om namn på olje- og gassfelt langs norskekysten), *Framandgjeriing av namn* (kronikk i Adresseavisen 15.3.2012 om opplesing på trondheimsbussar av «gamle, gode trondheimsnamn med beste Oslo Vest-uttale»). Stemshaug var aktiv i målrørsla, bl.a. som leiar av Trønderlaget, eit fylkesmållag som omfattar Sør- og Inn-Trøndelag, og som leiar av Kringkastingsringen. Han redigerte Årbok for Trøndelag i åra 1974–1980.

Saman med kona si, Marit, som har lang praksis som barnehageleiar, har han skrive artikkelen *Namn på barnehagar og barnehageavdelingar i Trondheim* (i NN 3, 1986), der det bl.a. er peika på namneval som er mindre høvelege i eit trøndsk barnehagemiljø. Dei to gav i 2004 ut boka *Dette leika vi med. Norske leiker frå dei eldste tider til vår tid*, der dei skriv om leiketøy som har vore nytta i Noreg, og om leiken som har vore knytt til dei.

Av titlane som er nemnde ovanfor, går det fram at den vitskaplege og populærvitskaplege produksjonen til Ola Stemshaug som fell inn under feltet nordisk namneforsking, er svært omfattande og viser imponerande breidd både når det gjeld publikasjonskanalar og ulike emne som er tekne opp. Det er her nemnt nokre døme på slike bidrag frå hans hand; det finst mange fleire. I tillegg kjem hans store innsats og engasjement som universitetslærer, fagleg rettleiar, føredragshaldar, namnerådgevar, bokmeldar og kommentator i pressa. På dei fleste av desse områda var han aktiv til det siste, heilt til han laut leggja inn årene.

Ola lika å tilbringa tid saman med familien i fritidsbustaden sin på heimstaden, Guristova på Stemshaug. Som god aurgjelding sette han særleg pris på å kunna gå ut med båten på sjøen for å fiska. I hyggelege samkomer med norske og nordiske forskarkolleagar kunne han stundom omtala seg sjølv som fiskar.

Inge Særheim